

## **STYRESAK**

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Bergen HF

**DATO:** 15.08.2018  
**SAKSHANDSAMAR:** Hilde Nesse/Anne Mette Koch  
**SAKA GJELD:** **Informasjon om arbeidet med lærlingar i Helse Bergen**

**STYRESAK:** **80/18 0**

**STYREMØTE:** **30.08.2018**

---

### **FORSLAG TIL VEDTAK:**

Styret tek saka til orientering

## Bakgrunn

Helse Bergen ønsker å sikre kvalitet i opplæring av lærlingar og har utarbeida handlingsplan (vedlegg 1) i tråd med Regjeringa sitt yrkesfagløft (2016), [Samfunnskontrakt for flere læreplasser \(2016-2020\)](#) samt Helse Vest sine føringar om auka satsing på lærlingar. For å nå målsetjinga om å bli ei god og attraktiv lærebedrift skal Helse Bergen:

1. Ha ei samansetjing av lærlingar (fag og volum) som samsvarar med føretaket og samfunnet sine behov
2. Innfri krav til kvalitativt gode læreplassar
3. Ha faglege utviklings- og karrieremulegheiter for fagarbeidarar i tråd med sjukehuset sine behov
4. Sikre synergi og leggje til rette for læring på tvers av lærefaga

Lærlingane får lønn i læretida og skal i denne perioden både bidra til verdiskaping og ha systematisk og tilpassa opplæring etter fastsette nasjonale kompetansemål. Føretaket har totalansvaret for innhald og kvalitet i læretida og har ingen formell tilknytning/formelt samarbeid til skular og utdanningsinstitusjonar.

I 2017 hadde Helse Bergen totalt 123 lærlingar i deler eller heile læretida innanfor ulike fag, med flest lærlingar innan ambulanse- og helsefagarbeidarar.

For utdanning av lærlingar til helsefagarbeid har sjukehuset valt å etablere ei todelt ordning med både egne tilsette lærlingar og samarbeidslærlingar etter avtale med omliggjande kommunar.

Eigne tilsette lærlingar: Sidan 2013 har Helse Bergen tilsett helsefagarbeidarlærlingar.

Frå 2018 er det vedteke å endre tilsetjing frå TAF helse<sup>1</sup> til ordinære læreløp. Hausten 2018 starta 8 nye lærlingar i Helse Bergen og med vidare tilsetjing av 8 nye hausten 2019.

Samarbeidslærlingar: Frå 2009 har Helse Bergen hatt samarbeidsavtale med omliggjande kommunar. Avtalen ([Særavtale til Tenesteavtale 7](#)) som blei revidert våren 2018 inneber at

helsefagarbeidarlærlingar som er tilsett i kommunane får 4 eller 8 månader av læretida si i sjukehuset. Gjennom dette topart-samarbeidet sikrar vi at fleire lærlingar får innsikt i pasientforløp på tvers av spesialist- og primærhelsetenesta med breiddekunnskap som kommunane og Helse Bergen ikkje kan tilby kvar for seg. Både avdelingar/klinikkar ved sjukehuset og aktuelle kommunar har vore godt fornøyd med ordninga med samarbeidslærlingar.

## Kommentar/vurdering

Helse Bergen har fokus på å auke talet lærlingar i sjukehuset og kvaliteten på opplæringa, med eit særleg fokus på auke for helsefaglærlingar.

Som ein konsekvens av handlingsplanen blei det hausten 2017 etablert ein servicefunksjon/stilling i føretaket. Stillinga skal blant anna bidra til:

- auka kvalitet og volum i fagopplæringstilbodet i sjukehuset i samsvar til overordna føringar
- betre bruk av personellmessige og økonomiske ressursar
- at fleire einingar i sjukehuset blir motiverte til å bli læreplass
- dialog og samarbeid med fylkeskommunen, kommunar, undervisningsinstitusjonar og alle aktuelle avdelingar ved sjukehuset

---

<sup>1</sup> TAF-helse følger utdanningsløp med kombinert arbeid i bedrift og skulegong gjennom fire år. Dei to siste åra har kandidaten status som lærling. TAF-lærlingane oppnår realfagleg studiekompetanse i tillegg til fagbrev (TAF står for tekniske allmenn fag).

Helse Bergen skal ha ei lærlingsmansetjing som samsvarer med føretaket og samfunnet sine behov. Sjukehuset har ein foreløpig plan for å auke tal lærlingar innan nokre fag med særlig fokus på portør og eigne tilsette helsefaglærlingar – sjå vedlegg 2. For å nå målet om rett volum og innhald i lærefag i Helse Bergen, skal sjukehuset i løpet av hausten 2018/våren 2019 ha ein gjennomgang av alle relevante fagområder og kartleggje mulegheit for fleire læreplassar og eventuelt fleire lærefag. Arbeidet skal gjerast i dialog med nivå 2/3 leiarane, relevante fagmiljø og fagforeiningane.

Sjukehuset har gjennomført fleire tiltak for å ivareta kvaliteten i opplæringa av lærlingar: Det blir arrangert jamlege nettverkssamlingar for instruktørar som blir svært godt evaluert. Det er også sett i gong arbeid med bruk av Kompetanseportalen til dokumentasjon av kompetanssmål, noko som kan få regional nytteverdi. For å sikre læring på tvers av fagmiljø, kvalitetssikre faginnhald samt optimalisere bruk av personell- og økonomiske ressursar blir det vurdert å innføre felles introduksjons- og fagdagar for lærlingane. Lærlingar innan helsefaga vil i større grad enn i dag ta i bruk ferdigheits- og simuleringstrening.

For å auke interessa for fagutdanning i sjukehuset samt sikre framtidig rekruttering av lærlingar, arrangerer Helse Bergen blant anna årlege fagdagar for elevar i ungdomsskolen samt temadagar og praksis for elevar som tek relevante vg1 og vg2 fag.

Mulegheit for karriereutvikling er viktig for å rekruttere og behalde fagarbeidarar. Dette kan blant anna gjerast gjennom intern opplæring og vidareutdanning på fagskulenivå. For å sikre rett innhald og volum i fagskuletilbodet har føretaket etablert et tett samarbeid med Fagskolen i Hordaland.

## **Konklusjon**

Helse Bergen har fokus på å auke talet lærlingar i sjukehuset samtidig som kvaliteten på opplæringa skal sikrast. For 2018/19 vil vi ha eit særlig fokus på eigne tilsette helsefaglærlingar.